



## REFERAT FRÅ MØTE I STYRINGSGRUPPA FOR ANSKAFFING – NASJONALT VELFERDSTEKNOLOGIPROGRAM 26.10.18

Stad: Auditoriet Dampen , Knarvik

Tid: Kl. 13.00-15.00.

### Tilstade:

Helga Ellingsen – Leiar helse og omsorg Masfjorden

Ingebjørg Søreide – Kommunalsjef Gulen kommune

Nina Kvamme – Sektorleiar- Osterøy kommune

Heinz Diehl – Leiar for tenesteutvikling og innovasjon – Fedje

Ove Sæbø - Kommunalsjef - Modalen kommune

Anita Sævild- Prosjektkoordinator - Vaksdal kommune

Kari E. Bjørkheim - Prosjektleiar Nordhordlandsprosjektet.

Elin Eikemo – Prosjektmedarbeidar Nordhordlandsprosjektet

### Forfall:

Olav Mongstad – Ass. rådmann Austrheim

Eivind Lowzow – Brukarrepresentant

Thomas Rønn- Aar – Leiar IKTNH

### Informasjon og status om prosessen

Det vart informert om anskaffingsprosessen så langt og korleis med jobbar vidare mot kontraktstildeling.

Område som er viktige å drøfte for kommunane – responscenterløysing, plattform, teneste mm.

- Status rundt tidlegare spørsmål om avtale med Bergen kommune sitt responscenter: Ein av tilbydarane i anbodet har det som opsjon i sitt tilbod. Dei andre som har levert tilbod har anna tilbod om responscenter teneste. Kommunar kan velje Bergen kommune sitt responscenter uansett, men må då betale for integrasjon ekstra og får ei ekstra arbeidsflate å jobbe på. Pris på dette tilbodet er etterspurt og vert tatt med i prosess med samanlikning av tilbod frå leverandørar som har vore med vidare i forhandlingar.
- Integrasjon til EPJ: Sentralt område framover. Nasjonalt knutepunkt er eit stykke fram. Leverandørar er pådrivarar. Aktuelt no er avklaringar rundt kostnad - kven som skal betale for drift av eit knutepunkt.
- Plattform sentral komponent: Fordel å gå sammen som eit prosjekt ift. pris – ein felles kostnad som fordelast i kommunane.

- Evaluering av tilbodet: Arbeidsgruppa skal no evaluera tilbod i forhold til pris, teknisk løysing, prosjektgjennomføring og leveranse, drift og support. Vekting ikkje endeleg bestemt enno. Viktig å få løysingar som fungerer.
- Når kontrakt er signert skal kontrakten og leveransen følgast opp gjennom eige prosjekt der dei einskilde kommunane skal involverast.
- Dekning: Områder med dårleg dekning fleire stader, men mobil og breibandsutbygging pågår i dei fleste kommunar. Me har fokus på framtidretta utstyr i forhold til 4 og 5G, samt utstyr med antenneforsterkar som ekstrautstyr.

#### Oppsummering frå avklaringsmøte 22.10, 23.10, og 24.10.18.

Informert om at dei leverandørar vi har hatt avklaringsmøte/forhandlingsmøte med har fått ei liste over saker som må avklarast og forberast i endeleg revidert tilbod med frist 05.11.18.

#### Budsjett, kjøpe/leige?

Lagt til rette for og arbeid for val av kjøp og leige av utstyr. Felles komponent som plattform er kjøp for alle og drift i forhold til lisensar. Faste komponentar i form av faste installasjonar på institusjonar er kjøp. Sensorar kan kjøpast eller leigast.

#### Prosjektoppfølgjing.

Styringsgruppa vurderer å søkja om skjønnsmidlar for å sikre ressursar til å følgje opp prosjektet ute i kommunane.

#### Eventuelt.

Neste møte for styringsgruppa vert måndag 03.12.18, same dag som møte for kommunalsjefgruppa.

Knarvik, 26.10.18

Elin Eikemo  
-referent-

